



ALVER KOMMUNE  
Postboks 4  
5906 FREKHAUG

Saksbehandlar, innvalstelefon

Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

## Uttale - Dispensasjon - Alver 137/288 - oppføring av naust

Vi viser til brev frå kommunen datert 22.08.23. Saka gjeld søknad om dispensasjon frå plan- og bygningslova § 1-8, i samband med planlagt oppføring av naust på eigedom gbnr 137/288. Det er naudsynt med dispensasjon frå byggegrense mot sjø og frå plankravet. Deler av arealet er bustadformål i kommunedelplanen, og det er naudsynt med dispensasjon frå dette formålet.

Det er i vidare òg søkt om dispensasjon frå pbl § 1- 8, for arealoverføring mellom eigedom gbnr 137/288 og gbnr 137/549. Administrasjonen har valt å dele opp søknaden med heimel i plan- og bygningslova § 1-6 då dette gjeld to sjølvstendige tiltak som kan handsamast uavhengig av kvarandre. Statsforvaltaren ber om at denne uttalen vert vurdert i begge sakene.

### Statsforvaltaren si vurdering

Kommunen kan berre dispensere dersom omsynet bak føresegna det vert dispensert ifrå, omsyn til plan- og bygningslova sine formål eller nasjonale eller regionale interesser, ikkje vert vesentleg tilsidesette. I tillegg må fordelane ved å gi dispensasjon vere klart større enn ulempene, jf. plan- og bygningslova (pbl.) § 19-2 andre ledd.

Det meste av arealet ligg i området som er sett av til naust (BAB1). Området vart tatt inn i kommunedelplanen ved revisjon i 2019. Det er eit tydeleg plankrav til dette området i kommunedelplanen jf. føresegn 2.2.2. Bakgrunnen for plankravet ser ut til å vere at kyststien skal inngå i detaljplanen og ålmenta sin tilgang til sjø skal sikrast. Det er også eit plankrav til bygging av kyststien.

Statlege planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona langs sjø skal som kjent leggast til grunn for planlegging og sakshandsaming i kommunen. Retningslinjene er klare på at avklaring av arealbruk skal skje igjennom planlegging og ikkje gjennom dispensasjonar. Det står også at grunnlag for allmenn rekreasjon i strandsona skal tryggast og utviklast vidare. Slik Statsforvaltaren forstår kommunedelplanen, legg den opp til ein trygging og vidareutvikling av tilgjenge i strandsona ved etablering av kyststi i området. Det er viktig at ikkje ein dispensasjon for bygging av naust eller arealoverføringa, gjer det vanskelegare å realisere kyststien eller vanskeleggjer ålmenta si tilgjenge til område på lang sikt. Dette må vere eit sentralt vurderingstema for kommunen i desse sakene.



Statsforvaltaren ber om å få eit eventuelt positivt vedtak til klagevurdering.

Med helsing

Egil Hauge  
seksjonsleiar

Hege Brekke Hellesøe  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Kopi til:

Vestland fylkeskommune

Postboks 7900

5020

BERGEN